

Sommarhelsing til innbyggjarane frå våren 2021:

JAN:



Året starta med det som då vart kalla driftsmøter, ei slags mildare utgåve av kriseleiingsmøtene all den tid at januar 2021 var noko mindre pressa når det gjaldt korona enn mars året før. Kontinuerleg monitorering av smittetrykk og smittereglar har og er framleis nødvendig ei tid framover.

Og noko Gol kommune tok initiativ til tidleg var å evaluere den fyrste tida med korona, rett og slett for å sjå kva me hadde gjort, kva som fungerte bra og kva som fungerte mindre bra. Slik kan me læra av dei situasjonane me står i og gjere det endå litt betre om det skulle oppstå ein slik situasjon att. Eg syns det var flott at administrasjonen sjølv tok initiativet til dette.



Etter nesten eit år ute med Herman i barsel var det rett og slett nødvendig å få nokon oppdateringar. Via teams ba eg inn til møter med den enkle agenda; for å få ei oppdatering på kva som har skjedd, kva som foregår no og kva som er planlagt framover. Så var det og godt å få ei oppdatering frå dei andre ordførarane som har stått i stormen og lært mykje undervegs!

Våren 2021 intensiverte (naturleg nok) me arbeidet med Ringeriksbanen i Forum nye Bergensbanen. Arbeidet med NTP har vore i gang ei stund, men det var nettopp denna våren beslutningane skulle tas. Det var litt vinn eller forsvinn-stemming for Ringeriksbanen, men me hadde trua!

Noko heilt nytt for meg var dei fastene digitale møtene mellom kommunane og fylkeskommunen der fylkesråden sjølv, Tonje Brenna, heldt møtene med diverse tema som gjeld oss alle kommunar i Viken. Ein fin møtearena som faktisk fungera tross mange innlogga!

I desember tikka det inn ein e-post i mailboksen min som eg svara opp tidleg i januar. E-posten kom



frå Cecilie som veldig gjedne ville samarbeide om å ta initiativ til å danne eit fellesskap for skeive i Hallingdal og å arrangere Hallingdal Pride. Eg syns detta var veldig flott å få så eg tok sjølvstøtt kontakt att med Cecilie, noko som resulterte i endel arbeid heile våren med dette. Det var utruleg sterkt å høyre inngangsporten til Cecilie, og hennes mål med detta; at det skal bli litt betre å være skeiv i Hallingdal, betre enn det ho opplevde at det var når ho vaks opp!

Tradisjonen tru var det tid for ny konferanse for Lokalsamfunnsforeningen, denne gongen digitalt. Som så utruleg mange andre konferansar så valte ein å arrangere istadenfor å avlyse, og enkelte konferansar vart faktisk betre når dei vart gjennomført digitalt. Det er ein unik måte å sørgje for at fleire deltek (og at ein slepp all reising) samtidig som ein kan få dyktige (og ganske opptatte) foreleserar til å stille! Vel blåst!

I forbindelse med initiativet til Cecilie tok eg kontakt med organisasjonen Fri Oslo-Viken ved leiar Nils Erik for å hente erfaringar frå andre kommunar. Det er gjort mykje bra andre stader, og jammen har dei mykje kompetanse i FRI Oslo Viken.

FEB:

Ein kan kanskje si at det var heilt tilfeldig, men eg fekk faktisk ei litt anna henvending tidleg på året angående sama tema; seksuelt mangfald. Då frå nokon som var bekymra for ungdommen. Det hadde vøre eit tilfelle der ein vaksen hadde fått inntrykk av at ungdom frå andre plassar i Hallingdal kvitte seg for å begynne ved vidaregåande på Gol då ungdommane hadde inntrykk av at det hyppig vart brukt skjellsord relatert til det å vera skeiv, og at dei vaksne ikkje slo noko særleg hardt ned på det. Bekymringa tok eg med vidare til Hallingdal Ungdomsråd for å høyre om dette var noko dei kjente seg att i. Og svaret var ganske klart – dette skjer i heile Hallingdal og ikkje berre ved dei vidaregåande skulene. Etter ein god diskusjon i HUR vart me einige om at ein representant frå HUR vart med og tok eitt møte med Oppvekstleiarforum for Hallingdal (kommunalsjefane for oppvekst i alle Hallingdalskommunane) for å drøfte dette vidare.

I forbindelse med revidering av kommuneplanen avheldt administrasjonen i Gol kommune eit regionalt planforum med representantar frå både fylkeskommunen og fylkesmannen. Eg fekk lov å vera med på medlytt, men deltok ikkje i møtet, då eg seinare skulle behandle saka. Til dette har eg ein betraktning; å vera ei lita kommune som møter med 4 personar mot 23 representantar frå to ulike statlege funksjonar blir litt rart. Våre 4 har oppdraget om å få til 1 kommuneplan mens dei 23 har kvar sine fagområder som dei hevdar me må prioritere i den eine planen. Puh.... slik sett er Viken litt stort!

Etter eit heitt tips tok eg kontakt med Sunniva i prosjektet Tolga 2020 som i utgangspunktet er eit bu og blilyst-prosjekt i Tolga. Når eg var inne på nettsidene deira syns eg dei hadde mange gode idear og tiltak som eg ville høyre meire om. Etter ei god samtale bestemte eg meg for å sjå om dette var noko Gol kan jobbe med, i Gol-style!

Arbeidet med Nortura skjønnte eg, mens eg var ute, hadde gått jamnt og trutt på fleire nivå. Me bestemte raskt på nyåret at det var behov for ei arbeidsgruppe i høve Nortura som kunne jobbe strategisk og systematisk framover for å påverke beslutningar som gjeld den nye strukturen. Heldige meg, som fekk vera med i gruppa! Dette blir eit viktig arbeid for å sikre denna store industriarbeidsplassen for Hallingdal, og det er godt at regionrådet er kopla på – frå eit Hallingdalsperspektiv!

Nytt oppdrag, denne gongen på eit tema eg kjente litt lite til. Men di meir eg fekk veta om det, di meir entusiastisk er eg over prosjektet; Trygg Oppvekt Hallingdal. Det var på KS digitale strategikonferanse eg fekk vise korleis hallingdalskommunane samarbeider om prosjektet som laga eit betre system for tverrfagleg innsats for barn og unge. Eit av tiltaka er å opprette ei nettside som gjer det lett for både innbyggjarar men og tilsette i kommunane å finne ut kva ein bør melde, korleis ein bør melde ifrå, og kva ein kan forvente at skjer om ein vel å melde ifrå ei bekymring. Og det beste

med dette er at det er ei lik teneste for alle kommunane i Hallingdal slik at me alle kan bry oss om kvarandre barn og unge!

Supert å bli invitert inn på Destinasjonsforum Hallingdal der destinasjonane drøftar fellestiltak. At me fekk lov til å bli med aukar forståelsen våres (oss kommunale) på kva som trengs av felles tiltak og korleis me bør rigge samarbeid på tvers av kommunane i dalens største næring.

Bu og blilyst-prosjektet som eg nemnde over trengte ein samarbeidspartner og difor valde eg denne gongen å kontakte Skue Sparebank, rett og slett fordi eg opplever at dei har eit særleg fokus på lokale tiltak og fordi me har samarbeid på andre tiltak med Sparebank 1 Hallingdal og Valdres, heldigt for me at dei seinare takka ja til å bli med 😊

Eit av dei få men fysiske møta denne våren var Representantskap for Kommunerevisjonen IKS på Fagernes der me dessverre hadde sluttmøte for selskapet. Trist men slik vart det altså denne gongen. Samarbeidet med valdrisane er no begrensa til selskapet Retura Val-Hal, men kven veit? Kanskje noko anna dukkar opp!

Repskapsmøte i Fagernes vart fulgt opp av ei (etterlengta) fysisk samling for regionrådet på Bardøla i forbindelse med regionrådsmøtet. Deilig å kunne møtast til tross for avstand og smittevern!


MARS:

Det årelege kommunalpolitiske toppmøte til KS vart i år gjennomført digitalt med ein nasjonal del og ein fylkesdel. Tru det eller ei – med gruppearbeid på den regionale delen. Det gjekk faktisk overraskande bra, og det var ei givande samling!

Digitalt Vannhull-møte med tema bustadmarknaden i Hallingdal gav eit viktig innblikk i korleis det er å flytte til Gol og til Hallingdal. Kva finns av ledige tomter, hus og leiligheiter? Kva er det som er avgjerande for at folk faktisk tek valet? Temaet vart belyst får fleire hald, blant anna Hol kommune og deira undersøking blant utflyttarar og Nesbyen sitt arbeid iifm etablering av nye arbeidsplassar ved DEFA. Veldig interessant!

Eg vart utruleg glad når kommunedirektøren og hennas stab tok initiativet mitt på alvor og sette ned ei arbeidsgruppe som skal laga ein kommunal handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald i Gol. Eg har heldigvis fått lov til å bli med som medlyttar i møtene, men er veldig glad for at dei som er med i gruppa er dedikerte personar som har meldt seg av eigen lyst. Eg trur det er veldig viktig i inkluderingsarbeidet vårt å setja fokus på dette, og sette det no!

Lockdown 2:



Ny nedstengning av Norge kom på plass rundt 15 mars og det opplevdes blytungt. Eg hugsar at eg la ut fylgjande melding på facebook; « Kva er moglegheitene innanfor begrensningane?» og eg fekk verkeleg svar på tiltale.



Dagen etter tromma me sammen eit teamsmøte for næringslivet i Gol og dei vart alt anna enn motlause. Som kommune fekk meg gitt mykji god info, men jammen fekk me mange gode idear for korleis me skulle løyse dette – sammen! Heldigvis fortsette både innbyggjarane og hyttegolingane med å støtte opp om det lokale reiselivet ved å handle lokalt og bestille både take-away og andre tenester takka væra eit innovativt og framoverlent næringsliv.

Det som kanskje var verre denne gongen var den mentale prøvelsen ved å bli aleine att. Isolert, sett i karantene eller berre ta vare på andre ved å ikkje væra i lag. Det er seigt nok for den som treng sosial kontakt.

Med gode argument og god dialog med både statsforvaltaren og helseministeren vant me fram 10 april der me fekk lette fråd ei tunge tiltaka som me fyrst fekk fordi me var ein del av Viken. I tillegg var me så heldige å ha ein lokal hotellvert som tok ansvar og fronta i media når tida endeleg kom for å få på plass kompensasjonar. Takk Gudrun!

Med eit lokalt smitteutbrudd kom me uss tross alt greit igjennom denne perioda også.

APRIL:

Den 15 april 1 gongsbehandla kommunepanuetvalet kommunepanen sin arealdel. Me gjekk grundig til verks med gjennomgang av kvart einaste innspel. I tillegg til at dette var eit offentleg møte tok me også opp lydfil av møtet slik at grunneigarane i ettertid kan gå inn å høyre kva som vart drøfta og bestemt vedrørande sitt område. Dette er mi fyrste revidering av kommunepanen sin arealdel og difor var det viktig for meg og for utvalet at me gjorde det skikkeleg. I forkant av møtet (medan eg var i barselpermisjon) vart det gjennomført ei synfaring av innspela på fjellet.

MAI:

Sak om finansiering og oppstart av eit eige bulystprosjekt i Gol kom til formannskapet i mai og det gikk heldigvis formannskapet for. I tillegg valte me å søke midlar får Viken fylkeskommune, og her kjem ein spoiler-alert – det fekk me!

Bondeopprøret kom i gang i mai, og takka væra lokale ildsjeler så fekk ein til demonstrasjonar, også i Gol rundt tema. Eg var så heldig at eg vart invitert og slo følge då ein av bøndene starta turen mot Stortinget. Det er rett og slett for dårleg, det bøndan sit att me når eg ser på kva dei bidreg med, både i produksjon men og i drift. Eg stiller meir enn gjedne opp for å få fram dette mot nasjonalpolitikarar!



I rein frustrasjon på eitregionrådsmøte sa eg til dei andre; når skal me slutte å kjempe innbyrdes om samferdsel i Hallingdal og rette blikket utover å heller stå saman om den verkelege motstandaren? Og med det vart Hallingdalsløysinga fødd. Invitasjon til eit tverrpolitisk samarbeid gav også frukter, Hallingdalsløysinga vart oppskalert til å setja av tid og krefter til eit eige samferdselsutval i Hallingdal og på Hallingtinget rett før sumaren var underteikna valt som leiar! For ein snøballeffekt! Så er det berre å håpe at det synes og betyr noko når hallingan står samla☺



Måndag 31. mai møttest politikarar for å diskutere framtida til Rv7 og Rv52. Gamle stridsøkser vart grave ned, og eit samla Hallingdal vil no kjempe for begge vegane. Foto: Anna Huseby

JUNI:



Gol by Bike er eit nytt uttrykk i Gol, men det betyr kort og godt at du frå i år kan leige deg bysykkel i Gol. Ja! Du høyrde rett! BYSKYKKE I GOL! Altså; dette var berre knallmoro å få vera med på. Takket være ein offensiv destinasjon, framoverlent sparebank og ei litt positiv kommune så var altså Gol by Bike født! Eg er dritstolt og fortel alle eg møter om det, både ifrå eit utviklingsperspektiv men og frå eit miljøperspektiv! Hipp Hipp!



Eg fekk eit litt kryptisk besøk med eit inngåande intervju her ein dag i juni, men det viste seg å vera eit grunnleggjande arbeid i forkant av ei skuleavslutning som skulle ta for seg eit spel om Gol og der eg skulle spelast av skuespillerinnene som sat på kontoret mitt. Det var vanskeleg spørsmål og; kva ynglingsfarge eg hadde, korleis eg likte å ha håret, kva eg vel å ta på meg når eg skal pynte meg mm. Eg var så heldig å bli invitert til sjølve spelet og jammen trefte dei blink på både meg og kommunedirektøren!

Ikkje nok med den avslutninga så fekk eg også invitasjon til å tale for 10ende klasse og! Det er ei toppdreg eg tek på største alvor og eg kan berre håpe at eg hadde nokre kloke ord til dei, når dei no skal ut i verda og prøve seg!

Når eg kom attende i jobb tenkte eg at det var på tide med ei oppfylging av dei folkevalte. Eg rakk for berre knappe 8 månader med dei før eg gjekk ut i barsel, så eg inviterte KS til å koma og kjøre ei oppfriskning i form av ein folkevalda gnr 2! Gjennomgang av lovar, reglar, roller og mykji mykji anna gjer gødt slik halvvegs ut i perioda. I tillegg møttes me fysisk, det var utruleg gødt! Me avslutta dagen på Casa Notra med litt politiker-pizza!

Hallingtinget gjekk av stabelen på Pers Hotell og hadde blant anna besøk frå nokon unge innovatørar. På bildet under ser du dei som inspirerte meg mest – miljøvennlege resikulerbare handlenett! Ja takk! Dessverre vart sjølve møtet litt skuffande då me sende attende den regionale planen som skal staka ut retningen Regionrådet skal jobbe i då nokon meinte den var for dårleg forankra og trengte meir tid å sjå på den.



Denna gjengen altså! Stå på vilje og masse handling! Det har vørte så bra i Kristenbrøten og fleire tiltak er på gang. Kristenbråtens vener har fått til masse og fått tak i endel midlar som hjelpe dei i arbeidet. Samarbeid med kommuna på det me kan er også viktig for å halde motivasjon og arbeidslyst oppe. Ta ein tur oppom å kikk på alt det dei har gjort – du vil bli imponert!



I forbindelse med samarbeidet med Fri Oslo-Viken så vart eg invitert til å delta under Oslo pride på ei panelsamtale «Skeiv uttafor Oslo». Eg takka sjølvsagt ja og hadde ei veldig god samtale rundt fleire forhold eigentleg. For eksempel korleis er overgangen frå å ha levd fritt og ope som skeiv i dit eige hus i ditt eige liv til å bli gamal og i ein situasjon der du skal motta tenester eller flytta inn på institusjon? Korleis er det å være skeiv flyktning og koma til Norge? Korleis er det å bu på eit asylmottak og være skeiv? Har me nokon tankar om kva som kjem fram i introduksjonsprogrammet flyktningane går igjennom når dei kjem git? Dette er spørsmål og perspektiv me tek me oss inn i arbeidet med eigen handlingsplan.



Gledeleg å få be inn dei andre politakarane til eit informasjonsmøte med HFK der dei fekk presentere planane sine rundt ein ny innendørs hall med tilhøyrande fasilitetar. Som vertskommune er me stolte av å ha ein så viktig organisasjon tilstades i bygda. I tillegg til den ordinære fotballaktiviteten har HFK også eit engasjement i form av ei idrettsfritidsordning, fotballakademi og fotballskule for å nemne noko. Inkludering er definitivt eit stort ord i deira ordsky. Uansett så er det spennande det dei tenkjer rundt innendørshall med tilhøyrande fasilitetar og eg gler meg til å jobbe vidare med dette, både lokalt men og regionalt!

Siste store aktivitet før sommaren var den offisielle opninga av Embetsgarden på Nesbyen og avslutning for Regionrådet på Trytjedn. Endeleg kan me feire å ha sikra desse viktige arbeidsplassane innanfor både Tingretten men og Jordskifteretten i Hallingdal. Det er den beste avgjerda eg har vore med på å ta, og si ja til Nesbyen som rettstad for Hallingdal. Herman tok og turen med mamma på oppdrag, og det er ikkje utan grunn at det var nettopp dette oppdraget han vart med på. Dette er eit døme eg vil at han skal lære av, det å gi og å ta, det å være raus og å være takksam. Så var det og stas å få sjå den fantastiske utviklinga av badeområdet på Trytjedn, og jammen vart det eit aldri så lite politisk bad der oppe med gode kollegaer!

Riktig god sommar, alle saman!

